



Singing Tweens frå Uskedalen er med på konserten med Bjarte Leithaug.

Laurdag 15. februar kjem Bjarte Leithaug til Kvinnherad. Han har spesialisert seg på familiekonsertar med born og ungdom som hovudaktørar. Singing Tweens frå Uskedalen vert med, men samlinga er open for alle som er fødte i 2013 og før det. Frammøte er kl. 13.00 for to timars øving. Konserten er kl. 16.00.

Nelly Kjærland ser fram til og gler seg til laurdagen. Rosendal Barnekor og Singing Tweens har eit samarbeid om denne konserten med Bjarte Leithaug i Kvinnherad kyrkje 15 februar kl 16.

Kora skal syngja 10 songar og det er solistar frå Rosendal og Uskedalen. Konserten har tittelen: Familiekonsert for, med og av born.

Tiskipar er Kvinnherad sokneråd. Påmelding til Solfrid Hellesøy Siqveland på mobil: 951 52 328.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal